

Permisjonsreglement for elevar i Etne

Denne informasjonen gjeld for alle elevar i Etne kommune.

Formål

- Å få ein meir felles praksis for alle elevar i Etne kommune i forhold til handsaming av søknadar om permisjon frå den pliktige opplæringa.
- Å redusera omfanget av fråvære utanom skulen sine ferie- og fridagar.
- Å sikra ein kvalifisert og grunna forvaltning av permisjonssøknadar som er forankra i leiinga på skulen.

Det ligg føre ei forventning om at det er etablert eit samarbeid heim og skule, jf. §1-1 opplæringslova og ambisjon i kvalitetsplanen for Etne kommune. Dette ligg til grunn når ein i skulen handsamar permisjonssøknadane. Alle som søker om permisjon frå skulen skal nytta skjema som ligg i Visma Flyt Skule.

Opplæringslova

Alle elevar har ein lovfesta rett til grunnskuleopplæring. Det er føresette sitt ansvar å sjå til at eleven ikkje har fråvære frå den pliktige opplæringa utan å ha rett til det, jf.

Opplæringslova §2-1 «Rett og plikt til grunnskuleopplæring». Ansvar til kommunen er formulert i opplæringslova § 13-1 «Plikt for kommunen til å sørge for grunnskuleopplæring». Kommune utfører plikta si ved kommunen sine grunnskular. Rektor ved den enkelte skule har ansvar for å fatta enkeltvedtak i tråd med opplæringslova.

Begge skulane har etablert eit system frå oppfylgning av fråvære slik at skulen til ei kvar tid har oversikt over fråværet til kvar enkelt elev.

Informasjon til føresette om reglane for permisjon

Skulane skal informera føresette om gjeldande regelverk og rutinar når det gjeld permisjon og opplæring ved oppstart av kvart skuleår. Det skal leggjast vekt på at Etne kommune ser det som viktig at eleven deltek i heile opplæringsløpet og at talet på permisjonar frå den pliktige opplæringa skal reduserast til eit minimum. Skulane må også presisera at permisjonssøknadar må sendast til skulen i god tid.

Forsvarleg / ikkje forsvarleg

Skulen må ta stilling til om det er forsvarleg at den aktuelle eleven får permisjon. Til grunn for denne vurderinga skal det føreliggja ein skriftleg søknad om permisjon. Kvar enkelt søknad skal vurderast individuelt. Relevante kriterier kan vera:

- Eleven sitt faglege behov
- Psykososiale forhold
- Tidlegare fråvære

Det kan vera naudsynt å setja krav til opplæring i permisjonstida.

Generelle reglar om permisjon

- a) Det skal i utgangspunktet ikkje bli gjort vedtak om permisjon i periodar der elevane har gjennomføring av:
 - Obligatoriske kartleggingsprøvar
 - Nasjonale prøvar
 - Tentamen
 - Eksamen, munnleg og skriftleg
 - Leirskule *
- b) Det skal i utgangspunktet ikkje bli gjort vedtak om permisjon fyrste skuleveke i samband med skulestart.
- c) Det skal ikkje bli gjort vedtak om permisjon meir enn inntil 10 skuledagar pr. skuleår.
- d) Det kan bli gjort vedtak til idretts- og kulturelle arrangement/samlingar samt politisk arbeid og arbeid som tillitsvalt.
- e) Rektor kan delegera til kontaktlærer å gi fri på permisjonssøknad på 1 eller 2 dagar. Her sender føresette inn skjema til kontaktlærer i Visma Flyt Skule. Det er altså ikkje godt nok å senda ei melding til skulen om at ein vil ha fri, ein må søkja om å få permisjon. Skjemaet ligg under dokumenter på Visma Flyt Skule. Spesialhelseteneste, sjukehus, tannlege, reguleringstannlege og slike ting skal ein også søkje om fri for i gjeldande skjema. Her er det kontaktlærer som handsamar søknaden.
- f) Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vera borte frå skulen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgja med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute, Opplæringslova §2-11, andre ledd.
- g) Skal ein søkja om permisjon for 3 dagar eller meir, så skal ein også bruka eit skjema. Dette ligg under dokumenter inne på Visma Flyt Skule. Her er det rektor som handsamar søknaden.
- h) Rektor kan gjera vedtak på inntil to veker, 10 skuledagar.

* For dei som har ein funksjonshemming bør ein få til ei god tilrettelegging eller gi fritak frå leirskule dersom ein ikkje kan få til eit godt nok tilbod.

For elevar i ungdomskulen går det an å søkja om å få sletta inntil 10 dagar kvar år av dokumentert fråvære. Fråværet må vera knytt til helseårsakar, innvilga permisjon eller heilagdagar for elevar frå trussamfunn utanfor Den norske kyrkje.

Ugyldig fråvære

Viss føresette vel å reisa, anten utan å ha søkt om permisjon, eller utan å ha fått vedtak om permisjon, vil eleven få ugyldig fråvære for den delen av søknaden som eventuelt ikkje er innvilga. Ein kan då heller ikkje søkja om å få dette fråværet sletta i etterkant. Etter to veker med ugyldig fråvære skal eleven skrivast ut av skulen. Når/viss eleven kjem tilbake blir han/ho meldt inn igjen på ordinær måte. Ein kan ikkje rekna med at skulen vil gi eleven ekstra undervisning for å ta igjen for fråværet.

Særskilt dokumentasjon – framleis skuleplass

Korkje rektor, kommunen eller Fylkesmannen (klageinstans) kan gje ein elev permisjon i meir enn to veker, fordi dette ikkje er heimla i Opplæringslova. Sjølv om ein ikkje kan fråvika frå regelen om to veker for permisjon, hender det likevel at grunnen til fråvære, ut i frå ei betraktning om rettferd, gir rom for at eleven ikkje må skrivast ut i frå skulen. I slike tilfelle skal det føreliggja særskilt dokumentasjon. Dette kan vera tilfelle som:

- Gjennom retten til samvære.
- Om arbeidsgjevaren til føresette har pålagt dei å avvikla ferie utanom skuleferien.
- Om arbeidsgjevaren til føresette har pålagt dei å gå på kurs/arbeid/vidareutdanning i ein annan kommune/eit anna land for ein periode. Perioden skal likevel ikkje vera lengre enn resten av det til ein kvar tid inneverande skuleåret, alternativt inntil eit skuleår.
- Opphald i eit anna land knytt til adopsjon.
- Deltaking i TV-/filmproduksjon, kulturelle aktivitetar eller på idrettssamlingar.
- Andre, særlege forhold.

Søknadsfrist

Søknad om permisjon skal skje i god tid før ein ynskjer permisjon, og helst to veker før.

Klage

Ynskjer du å klaga på vedtaket om permisjon må du klaga før det har gått tre veker etter at du har motteke svar på søknaden. Klagen skal du senda til skulen som har handsama søknaden.

Viss skulen meiner det ikkje er grunnlag for å gi medhald til klagen, må desse dokumenta sendast til skuleeigar:

- Rektor sitt brev med grunngjeving av kvifor vedtaket blir verande gjeldande
- Føresette sin søknad
- Rektor sitt vedtak på søknaden
- Føresette sin klage
- Eventuelt anna informasjon

Viss skuleeigar støttar skulen si vurdering, blir klagen sendt til Fylkesmannen (klageinstans) for endeleg avgjerd.